Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Tilleggsspørsmålnr.

Emne :

Oppskr. av :

(adresse) :

Fylke : V. Agder

Herad : Nes

Bygdelag :

Gard : Seland

G.nr. 90 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn : (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

1. Der det var kvekke i åkrane, ikkjo her, vart dei dregne upp, og stundom nytta som fôr i varkvipa — eller slengde på røysa.

Her på garden var det i sume åkrar mykjo „kraúsk" (ranunkel) når me spadde til korn. Den vart harva vel upp, vaska og gjeven kyrne. Eg såg aldri dei hadde vondt av det.

Andre røter veit eg ikkjo av har vore nytta til fôr her rundt.

II. Om dette veit eg ingen ting

III. IV. Heilt ukjend her. Har berre høyrt om berkemosk til fôr frå Gudbrandsdalen.

V 2. Det hende at ein slo varmt vatn på agner, høymo og lettekorn. Sume bruka sinerløg i staden for varmt vatn.

V. 4 Det hender me no turkar Rauneber for høns.

#

Når me mjølka i buskogen hadde me med ei bytte med salt, mjøl og sundbanka bein (best ryggbein!) som kyrne slikka og åt i seg under mjølkinga. Dei åt mykje bein om sumaren.

1679
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Hans Seland, 81 år